



Informasjon

1/2023

Molde SVs informasjonsbulletin

Januar 2023

Årsmøtet 2023
vert på Krona,
onsdag
25. januar 2023

Innkalling kjem
seinare





TAKK FOR OSS!

Etter to år som leiar og nestleiar i Molde SV overlet vi roret til andre. Det har vore givande, inspirerande og lærerikt, og til tider og frustrerande i eit lokallag med mange sterke personlegdomar.

Då vi tok over gjekk vi ikkje inn i nokon ferdig lagt mal, så vegen vart til mens vi gjekk, godt hjulpen av Lokallagshåndboka, som rett nok ikkje kom oss i hende før lang tid etter at vi tok over. Den hadde vore på rundtur i Posten. Rune og Bjørn J. var og til stor hjelp.

Pandemien førde til ein litt krevande oppstart, prega av digitale arrangement og møte. Vi ordna eige Zoom-abonnement for Molde SV for å kunne halde møte på ein trygg og effektiv måte. Vi starta og sterkt ut med digital kvinnedag, der Guro heldt ei innleiing før vi bidrog med song og spel. 1. mai vart og ein digital sak, med jamne dryp på Facebooksida vår utetter dagen. Det toppa seg i ein eigenprodusert halvtimes video med diktlesing, appellar og musikalske innslag.

Heldigvis tok coronaen ein liten pause under valkampen, slik at vanlege valkampaktivitetar lot seg gjere. Valet vart krona med eigen stortingsrepresentant frå Møre og Romsdal.

Elles har satsing på lågterskeltilbod til medlemmane våre vore viktig for oss. Det er eit arbeid som tar tid. Ein må prøve og feile, men det var etter vår meining viktig å kome igang. Her snakkar vi om tilbod som kafétreff, kor og sosiale utflukter for å verte betre kjende.

Organisasasjonsbygging har vore ei viktig oppgåve for oss. Det er mykje som kan virke som småting i denne samanhengen, men som er utruleg viktig for flyten i det praktiske, organisatoriske arbeidet. Her snakkar vi om ting som

- sikker og lovleg lagring av dokumenta våre og fysisk lagring av eigedelar
- eigarskap til våre sosiale media. Desse bør til ei kvar tid vere under laget sin kontroll

Viktig for oss i innspurten er det og

- å ferdigstille moglegheita til politisk annonsering via Facebook, noko som krev ein heil del på plass for at Facebook skal godkjenne det
- å få på plass det vi enno meiner manglar på vår allereie tilgjengelege nettstad for at han skal vere eit godt reiskap under valkampen og elles
- oppretting av ein felles online kalender for styret og kommunestyregruppa

Som noko av det siste vi gjer har vi laga ei kort og grei medlemsundersøking om kommunikasjon mot medlemmane våre. Til dette har vi brukt verktøyet Zetkin, som er det SV sentralt satsar på og ønsker vi skal bruke. Om du ikkje allereie har teke del i undersøkinga kan du gjere det her:

<https://www.zetk.in/o/478/surveys/851>

Vi trur svara på undersøkinga kan vere viktig for det neste styret.

Takk for oss som styremedlemmer!

Oscar og Guro

Minneord – Gunn Fiske

Det var med stor sorg vi mottok meldinga om at vår redaktør, Gunn Fiske, brått hadde gått bort i slutten av november.

Som redaktør i SVInformasjon har ho vore ein viktig del i kommunikasjonsarbeidet til Molde SV dei to siste åra. Det var ho og i tida før ho og Ingolf budde nokre år i Trondheim.

Ho var ein ivrig deltakar på lågterskeltilboda våre, både turar, kor og kafétreff, der ho satte sitt preg på arrangementa med sitt omgjevelege og inkluderande vesen og sitt gode humør.

Våre tankar går til Gunn sine næraste.

Vi lyser fred over Gunn sitt minne!





Rune Sjøholm

Økonomisk politikk i Molde kommune på kort og lang sikt: budsjett 2023 og økonomiplan 2023 - 2026

Det gode samfunn bygges nedenfra og opp, ikke ovenfra og ned. Slik er det også med organisasjonen Molde kommune. Tillitsreform og myndiggjøring av ansatte nedenfra og opp må erstattes av gammeldags New Public Management tenking. New Public Management hører ikke hjemme i offentlig sektor, hverken i Molde kommune eller øvrig offentlig virksomhet. Satsing på forsvarlig bemanning innen særlig tjenesteområdene oppvekst, kultur og velferd og helse & omsorg vil være besparende på lang sikt. Det forutsettes at samtlige sektorer og avdelinger i kommunen jobber for optimal ressursbruk – å legge inn såkalt ABE reform med tanke på effektivisering av offentlig sektor er ikke annet enn symbolpolitikk.

Effektiviseringsgevinster oppnås ikke på kort sikt, men på lang sikt, som resultat av systematisk arbeid med arbeidsmiljø, tillitsreform, nedenfra og opp perspektiv framfor top down perspektiv. Alternativet er årlige dommedagsprofetier om manglende økonomisk bærekraft og akkumulerende underskudd, der vi hele tiden er på etterskudd og aldri kommer ut av den vonde sirkelen.

Reduksjon av sykefravær, mindre overtidsarbeid, mindre innleie av vikarbyrå og konsulenter har en effektiviseringsgevinst tilsvarende titalls millioner årlig. Satsing på forsvarlig bemanning innen basis tjenesteområder er i samsvar med vedtatt samfunnsplan og er ei forutsetning for å skape en bærekraftig kommune i tråd med FN's 17 bærekraftsmål og 3 dimensjoner:

- Den miljømessige dimensjonen
- Den sosiale dimensjonen
- Den økonomiske dimensjonen

Vi budsjetterer i samsvar med behov, ikke iht økonomiske måleindikatorer, slik som Kostra.

Molde kommune, som landets øvrige kommuner, leverer tjenester fra vugge til grav. Det er ei kontinuerlig utfordring at kommunene pålegges stadig flere og større oppgaver uten tilstrekkelig finansiering, parallelt med en demografisk utvikling som gir en eldre befolkning som medfører enda større utgifter. Styrket kommuneøkonomi er nødvendig, men ikke tilstrekkelig. I tillegg trenger vi økt samhandling mellom samfunnets tre sektorer i tråd med vedtatt samfunnsplan. Sterk kommuneøkonomi bidrar til å stabilisere økonomien, redusere arbeidsledighet og gjøre kommunesektoren til en bedre samarbeidspartner for næringslivet, i tillegg til å gi befolkningen gode basistjenester. Styrker vi rammeoverføringene til kommunene med anslagsvis 5,5 milliarder NOK, oppnår vi:

- Rimeligere SFO
- Økt bemanning innen skole og barnehage
- Økt bemanning innen helse og omsorg
- Bedre barnevern og skolehelsetjeneste
- Bedre kollektivtrafikk
- Flere gang- og sykkelveier
- Bedre flom- og skredberedskap
- Bedre klima- og miljøpolitikk
- Lavere klimautslipp
- Mindre reduksjon av naturmangfold

Konklusjon: Vi må satse for å komme ut av den vonde sirkelen. Det må være en sammenheng mellom nasjonalt, regionalt og kommunalt nivå og med ressursfordeling mellom nivåene i samsvar med vedtatt/pålagt oppgaveløsning. Vi må framsnakke og utvikle videre et statsbudsjett som endelig har en etterlengtet fordelingsprofil. Denne fordelingsprofilen må heller forsterkes enn angripes og snakkes ned. Denne profilen må vi ta med oss inn i arbeidet med kommunebudsjett og økonomiplan. Vi må fremme en politikk for å få flere ansatte generelt, fulltidsansatte spesielt innen basistjenesteområdene helse og omsorg og oppvekst, kultur og velferd. Slik bygger vi en god kommune.

Rune Sjøholm



Olav Hauge

Historien som rettesnor for å løysa straumkrisa

Å løysa dagens straumkrise krev politisk handlevilje. Å få på plass ein godt etablert politikk kan fungera ved å studera det som skjedde i 1917 og 1971. Hausten 1917 slo Høgsterett fast at retten er i tråd med Grunnlova og sikra heimfallsretten inn som § 105 i lova.



Foto: Rude, Ernest

Oslo Museum

Johan Castberg – Ein av heimfallsretten sine fedre

Etter det eig alle nordmenn naturressursane våre inkludert vasskraft. Med ei lov av 14. desember 1917 regulerte samfunnet vasskraftutbygginga med konsesjonar for å sikra at utbyggingane kjem oss alle til gode. Ein ser at i kvar femårsperiode etter 1990 har landet hatt overskot på vasskraft, me er sikra all energi me treng kjem frå rein vasskraft.

I Kongeleg resolusjon av 31. mai 1963 la Regjeringa Gerhardsen olje- og gassressursane inn under §105 i Grunnlova og sikra heimfallsrett også for olje og gass. Då blei dei også ein fellesressurs alle nordmenn eig ilag.



Trygve Bratteli

Etter funnet av Ekofisk gav Stortinget i juni 1971 Bratteli I-regjeringa klarsignal til å etablera ei politisk styrt olje- og gassutvinning på line med vasskraftutbygginga. På norsk sokkel fann oljeselskapa stendig meir olje og etter kvart gass. Landet vart raskt sjølvforsynt og har etter den tid eksportert det aller meste av oljen og gassen til utlandet.

Gasseksporten skil seg på to viktige felt frå vasskrafteksport. Gass går i eigne,

eksklusive røyrnett til Europa der gasskjøparar betalte for ei såkalla «Lamborghiniløysing»: gasselskapa kjøpte gassen i feltet gassfelte først då blei felte utbygde. Sidan har norsk naturgass sikra europeiske land ei meir effektiv og ikkje minst reinare energiforsyning og i Tyskland overtok gass som energiform i staden for svart- og brunkolkraft. Norsk naturgass sette også tyske bedrifter i stand til å selja ei rekkje ekstra billige produkt som utkonkurrerte kinesiske produkt i *Kina*. Slik blei Tyskland eitt av dei største eksportoverskota i verda og landet bør etter vårt syn Tyskland bruka desse ekstra store inntektene til å stimulera til og støtta forbrukarar som vil satsa på alternative energikjelder. Sidan tysk økonomi blei styrkt då dei fekk tilgang til norsk naturgass, er det rimeleg at eit tysk solidarisk bidrag til resten av verda er å sikra reinare energiforsyning i Tyskland. Ved å bruka dei ekstra store eksportinntektene til å stimulera forbrukarar som kan satsa på ulike alternativ som til dømes solcelle- og fjernvarmeløysingar, får Tyskland og verda redusert klimagassutsleppa.

Naturressursen vasskraft er kanskje den sterkaste konkurransekrafta til norsk industri. Etter 1945 bygde AP-regjeringar industri i heile landet, dei skapte nye arbeidsplassar ved å utnytta vasskraft. I Sunndal her i fylket framstilte og vidareutvikla Sunndal Verk ny, betre sterkare og ikkje minst meir miljøvennleg aluminium, i Vanylven utnytta Olivin-bedrifta olivin ein annan naturressurs som blei ein svært etterspurt ressurs. Selskapa etablert lokale selskap, dei nye selskapa forsynte dei to selskapa med mykje av det dei trengde for å laga aluminium og utvinna olivin. Slik skapte dei ekstraintekter i kommunane lokalt, i fylket og nasjonalt, ulike økonomiske ringverknader som vidareutvikla norsk økonomi, skapte endå fleire arbeidsplassar så folk fekk arbeid og inntekt lokalt, i fylket og resten av landet og det blei ein svært lønsam eksport.

Når politikarar i dag har kabla vasskrafta til Europa, privatiserer dei fellesressursen vasskraft som strir mot Heimfallsretten og aukar kostnadene til industrien og forbrukarane, som har ein motsett effekt då det fører til færre

arbeidsplassar og svekkjer grunnlaget for å etablere ny industri.

Stortinget vedtok den nye energilova i 1990, eit år det regna ekstra mykje. Vassmagasina rann over, kanskje det einaste året det har skjedd. I Dagens Næringsliv 23. september i ein magasindel slår Erling Diesen, generaldirektøren i NVE mellom 1987 til 1999, fast at lova hadde vore skoten ned utan dei ekstra store nedbørsmengdene det året. Me eig og bruker vasskrafta og har fått utbygd vasskraft som har dekt norsk energiforbruk, skapt arbeid og sikra busetjinga i landet. Norske forbrukarar og norsk industri fekk rimeleg kraft, ulike regjeringar fekk ekstra inntekter dei kan forvalta på våre vegne. Historisk har forvaltninga av vasskrafta skapt eit betre samfunn, vidareutvikla lokalsamfunn og sørgja for at folk får arbeid. Med dei ekstremt høge straumprisane no bruker me historien som det sterkaste argumentet mot Energilova av 1990 og skrotar lova.

Olav Hauge



Arbeidet med valprogram

Programkomiteen er godt i gang med arbeidet med valprogram for Molde SV. Programmet blir styrande for kva dei som blir valgt inn i kommunestyret frå SV skal arbeide for gjennom valperioden som varer frå hausten 2023 til 2027. Så dette er viktig arbeid!

Vi hadde eit innspelsmøte på Krona i slutten av oktober, der dei frammøtte medlemmane delte seg i mindre grupper ut i frå kva tema dei var mest interessert i.

I gruppene hadde vi gode diskusjonar rundt kva som er bra i Molde kommune og som vi må ta vare på vidare, og kva vi ønsker skal bli betre, innafør desse politikkområda:

1. Arealbruk/by- og tettstadutvikling/samferdsel
2. Den gode oppvekst - barnehage og skule
3. Helse/pleie og omsorg - tilpassing til demografisk utvikling?
4. Det gode liv for oss alle (handlar om kultur, møteplassar, natur&miljø, frivilligheit og enda meir!)
5. Næring og det grønne skiftet, ressursbruk, sirkulær økonomi

Programkomiteen fekk med seg mange gode innspel frå møtet som tas med inn i arbeidet med valprogrammet. Vi fekk blant anna med oss innspel om alternative tilbod til elevar som ikkje kjenner seg heime i «normalskulen», meir svømmeundervisning, betre busstilbod utanfor sentrum blant anna pendelbussar til nytt sjukehus, prioritere gang- og sykkel framom biltrafikk i sentrumsområde, regulering til/bygging av rimelege ungdoms- og familiebusadar, sikre fortsatt spredt busetnad i kommunen vår, utprøving av nye og fleire samarbeid mellom kommune og frivilligheita. Og mange, mange fleire gode forslag!

Forslag til program vil bli lagt fram på eit medlemsmøte seinare i vår. Da vil medlemmane våre få mulegheit til å diskutere og ta stilling til konkrete forslag til kva Molde SV skal arbeide hardt for å få til dei neste fire åra!



Her skulle vallista vedteke på nominasjonsmøtet vårt 23. november 2022 stått.

Sidan Kim Thoresen nettopp har trukke seg frå lista, går denne ut.

Vi kjem tilbake til den vidare prosessen med å få på plass ei ny liste.

Om du vil kontakte redaksjonen, sender du ein epost til post@moldesv.no